



Helse- og omsorgsdepartementet
postboks 8011 Dep
0030 OSLO
postmottak@hod.dep.no

Dykkar ref.

Vår ref.

12/640-2/ 12/3257/G21/NMK

Dato:

Manger: 22.03.2012

REVIDERT FASTLEGEFORSKRIFT - HØYRINGSUTTALE

Vi viser til dykkar høyringsbrev av 22.12.2011.

Radøy formannskap handsama saka i møte 15.03.2012, sak 034/12, og gjorde slikt samrøystes vedtak:

”Radøy kommune har vurdert framlegget til revidert fastlegeforskrift og kjem med følgjande uttale:

Radøy kommune meiner det må arbeidast meir med høyringsutkastet før ny forskrift kan vedtakast. Deler av framlegget kan lett oppfattast som konfliktskapande. KS og Den norske legeforening må vera sentrale partar i det vidare arbeidet. Store krav til fastlegeordninga framover krev ein nasjonal plan for opptrapping og finansiering. Pålegg som inneber auka kostnader for kommunane, må kompensrast fullt ut frå staten si side.

Radøy kommune vil elles særleg peika på at

- forskriftsframlegget framstår som noko usosialt. Kravet til service og tilgjengelighet er viktig, men må ikkje gå føre krava til fagleg prioritering. Forbruket av legetenester må ikkje kunna dreiest frå dei sjukaste til dei mest ressurssterke brukarane.
- auka plikt til deltaking frå kommunelegane i anna kommunalt legearbeid må finansierast med særskilde statlege løyvingar
- staten må ta eit hovudgrep for å utforma nasjonale opplærings- og kompetanseplanar for fastlegane som er tufta på nasjonale mål og planar, skal fastlegeordninga kunna utviklast i samsvar med måla som er sett med samhandlingsreforma
- staten må snarast ta eit ansvar for å få på plass ein elektronisk pasientjournal som tilfredsstiller alle nasjonale krav. Når det gjeld rapportering bør siktemålet vera at all rapportering frå fastlegane må kunna hentast ut automatisk frå den elektroniske pasientjournalen slik at ein unngår tidkrevjande manuell rapportering.”

Med helsing

Leif Taule
Konstituert rådmann